



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Detaljregulering E39 Ørskogfjellet-Vik

Svar på førespurnad om å trekke motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til brev frå dykk datert 24.04.2023, med oversending av forslag til endringar for detaljregulering for ny E39 Ørskogfjellet – Vik. De ber oss vurdere om vi vil trekke motsegnene vi fremma til plana i brev av 04.11.2022.

Vi minner om at det er kommunen som planmyndigheit som formelt må be oss om å trekke motsegn til reguleringsplanen, på grunnlag av oppdaterte plandokument. Dette er såleis ikkje ei formell trekking av motsegn, men ei førebels vurdering av forslaga til løysing av motsegnene frå Statens vegvesen.

Vi vil **oppretthalde vår motsegn** inntil det er tilfredsstillande avklart at regulert veglinje er den beste løysinga for kystmyr, viktige leveområde for artar og verneområda samla sett, jamfør naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

Vi vil også **oppretthalde vår motsegn** inntil avbøtande tiltak for å hindre drenering av myr er ytterlegare sikra i plana.

Vi er elles nøgd med mange av dei endringane som er gjort. Utover dei to punkta ovafor vil vi ikkje ha andre attståande motsegn etter dei endringane som er føreslegne, men vi har nokre råd til forbetringar som vi ber dykk følgje opp.

Under foreslår vi løysingar for å kunne trekkje motsegnene. Vi stiller gjerne på eit møte om de har spørsmål eller ønskjer å diskutere våre tilbakemeldingar med oss.

1. Naturmangfald

Samla belastning

Vi har motsegn til planforslaget ved 2.gongs høyring fordi det ikkje er tilfredsstillande avklart at regulert veglinje er den beste løysninga for kystmyr, viktige leveområde for artar og verneområda samla sett, jamfør naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

Vi har tidlegare skrive at vi har behov for å sjå ulike alternativ for vegføringar vidare sørover, og forskjellen i grad av påverknad på dei nasjonale naturverdiane som er i området. Vi har vore oppteken av at dette enten blir avklart i denne plana, eventuelt trygger oss på at delar av planområdet kan endrast i framtidig reguleringsplan for vegstrekning vidare sørover. Dette fordi det ikkje er avklart kva trasé som vil gje minst moglege verknader på naturmangfaldet. I eit område med så store naturverdiar som det er på Ørskogfjellet er dette eit tema som må vege tungt for val av vegtrasé.

Vi har forståing for Statens vegvesen si vegring mot å legge inn opning for reguleringsendring i føresegnene, og vi har sett nærare på andre alternativ for å løyse problemstillinga.

Vi har to alternative forslag til løysingar. Om ein endrar reguleringsplanen til å vere ei områderegulering, kan de stille krav om detaljregulering for den sørlegaste delen av planområdet. Da kan ein ta med dette arealet i neste reguleringsplan som tek for seg strekninga vidare sørover. Dette vil gje oss ei forsikring om at valte løysing ikkje låser alternativa vidare sørover, og at endeleg vegtrasé over Ørskogfjellet vil gje minst mogleg negative verknader for naturmangfaldet.

Alternativet er å ta ut delar av planområdet. Kor stort areal som må takast ut av planområdet eller det blir stilt krav om detaljregulering til, vil avhenge av kor stort areal det er behov for for å kunne nytte den såkalla «flystripa» som ein del av løysinga. Vi ønskjer at Statens vegvesen gjer ei analyse av dette. Vi gjer også merksam på at «flystripa» er eit statleg sikra friluftsområde og at det ved ei omdisponering av arealet vil bli stilt krav om erstatningsareal. Dette må eventuelt utgreiiast og sikrast med tilstrekkeleg stort nok planområde i planprosessen vidare sørover. Her må de ha dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune, som representerer staten som grunneigar og rettighetshavar ved forvaltninga av statleg sikra friluftsområde.


Vi håper forslaget over kan vere ei god løysing for alle partar. Inntil det er sikra ei løysing som forsikrar oss om at valt vegtrasé vil gje minst mogleg negativ verknad for kystmyr, leveområde for fugl og verneområde **opprettheld vi vår motsegn**, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

2. Tettningvoll

Det er bra at føresegn §3.7 c) er supplert med at tettningvoll skal byggjes etter prinsippet vist i figur 3 i Notat om myr i Skorgedalen, datert 14.06.2022. I tillegg er føresegn §3.7a) supplert med «*Ved eventuell lekkasje av grunnvann, skal det iverksettes tiltak for å gjenopprette grunnvannsnivået*». Vi er nøgd med dette.

Vi har også bedt om at førsegnene stadfesta kor det skal byggast tettningvoll for å hindre drenering av myr. De foreslår følgande: «*Tettningvoll skal anlegges sammen med avskjærende grøfter oppstrøms ny E39 fra profil 1500 fram til tunnelpåhugg*».

Profil 1500 er illustrert med gul linje i kartutsnittet under:



Vi forstår ikkje kvifor det er valt å legge tettningsvollen herfra og nordover mot tunnelpåslaget, og ikkje den sørlegaste delen av planområdet.

I den sørlegaste delen av planområdet vil ny veg påverke svært viktig myrareal som heng saman med Nysætervatnet naturreservat og er ein viktig del av leveområde for fugl. Det er difor særst viktig at avbøtande tiltak for å oppretthalde vassbalansen i myra blir sikra her. Vi **opprettheld motsegna** inntil det er sikra tilstrekkeleg tiltak for å hindre drenering av myr.

Vi vil også påpeike at det er vesentleg at vollen blir bygd før anna anleggsarbeid startar, slik at ein hindrar drenering frå dette arbeidet.

3. Kompenserande tiltak

De skriv at ambisjonsnivået for kompenserande tiltak vil bli avklart i planarbeidet for kommunedelplan Digernesskiftet-Ørskogfjellet. Dette for at tiltaka då kan bli sett i samanheng.

Også dette planforslaget bygger ned myrareal. Føresegnene burde slik sett sikre kompenserande tiltak for areal som går tapt i denne plana, og ikkje avvente dette til ein framtidig reguleringsplan.

4. Vassdrag

Forslag til ny føresegn § 8.2 sikrar økologisk funksjonsområde for både Skorgeelva og Stordalsgrova, og at biologisk kompetanse skal nyttast ved planlegging og gjennomføring ved omlegging av vassdraga.

For kantsone langs vassdraga forstår vi det slik at det er tenkt å nytte *føremål anna veggrunn – grøntareal* med bestemmelsesområde #2 for omlegging Skorgeelva og Stordalsgrova, jf. § 8.2.

Vi rår heller til at kantsonene får føremål *LNF* med underføremål *naturføremål*. Og at det blir knytt føresegner til dette føremålet som sikrar at det ikkje blir gjort inngrep i kantsona etter at plan jf. teikning O-201 og O-202 er gjennomført.

Sedimenteringsbasseng og avrenning til vassdrag

Vi bad om at det vart konkretisert kor det skal etablerast sedimenteringsbasseng i arealet avsett vegggrunn – grøntareal (o_SVG). De skriv til svar at det ikkje er tenkt å etablerast sedimenteringsbasseng og at opninga for å etablere dette blir tatt ut igjen av føresegnene. Det skriv at avrenning frå rigg og anleggsområde er søknadspliktig og vil bli handsama etter forureiningsforskrifta. Kva tiltak for å hindre avrenning i vassdraget og ei avklaring om det er satt av nok areal bør skje i reguleringsplanen, og ikkje utsettast til handsaming etter forureiningsforskrifta.

6. Klima

Vi viser til våre tilbakemelding under punkt 2 om tettningsvoll og må såleis oppretthalde vår motsegn.

7. Støy

To bustader og ni hytter blir liggande i gul støysone etter at langsgåande støyskjerm er oppretta.

Føresegnene bør sikre at bustadene får tilbod om fasadetiltak i tillegg til lokalt tiltak for skjerming av uteopphaldsareal.

Føresegn §3.2 c) er no endra slik at det står at det for eigedomar som etter dei fastlagte tiltakene langs veg likevel får et støynivå som overskrider anbefalte grenseverdi på Lden 55dB i retningslinje T-1442/2021, skal det tilbys støyreducerende tiltak (på ute-opphaldsareal).

Dette ville ha gitt ei god forsikring til dei berørte, om det ikkje var for at det er opna for unntak frå dette i føresegn §3.2 d): *Dersom støyfaglig dokumentasjon viser at kostnadene ved lokale avbøtende støytiltak er uforholdsmessig høye i forhold til nytteeffekten, kan de anbefalte grenseverdiene for utendørs støy fravikes, jf. Retningslinje – T-1442/2021.*

Vi vurderer at denne føresegna er urimeleg i dette prosjektet, då vi ikkje kan sjå at oppretting av lokale skjermar på desse eigedomane vil gje uforholdsmessige høge kostnader i høve nytteeffekten. Vi rår difor til at ein fjernar denne føresegna.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

VESTNES KOMMUNE

Rådhuset Brugata 10

6390

VESTNES